

## REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE FOR REGULERINGSPLANAR I BYKLE KOMMUNE

### Om adressering i nye felt.

I nye felt skal vegnamn fremmast når forslag til reguleringsplan vert lagt fram. Dei namna som alt er i bruk ligg på kommunen si heimeside. Her er lenka:

<http://www.bykle.kommune.no/vegadresser.324970.nn.html>

Tildeling av vegnamn skal godkjennast av språkrådet og av formannskapet. Forslagsstillar må difor sende brev eller epost til [postmottak@bykle.kommune.no](mailto:postmottak@bykle.kommune.no) om kva for vegnamn han vil ha i den nye planen.

Tomter skal nummererast med dei framtidige offisielle adressenummera. Vi går no bort frå tomtenummer. Grunneigar skal informere kjøpar av tomte kva som blir adressa. I Bykle bruker vi partal på høgre side av hovudvegstrengen og oddetal på venstre side.


Ved oppmåling vert det tildelt gards- og bruksnummer, og dette vil så bli kopla til den offisielle adressa. Kommunen koplar offisiell adresse til matrikkelen når det er gjeve løyve til tiltak.

For å kom fram til passende vegnamn er det tilrådd å bruke stadnamn som høyrer til plassen, men med normert skrivemåte.

Døme: Falkefjell, Plassevegen, Bergstøyllii osv.  
Offisiell adresse vert då kan hende «Bergstøyllii 32»

Dette nummeret skal vere det same som står på tomte på plankartet.

Her er døme på nummerering:



Lurer du på noko, kan du kontakte Bykle kommune.